

UKM-festivalen i Hordaland 2016

Info til lokalarrangørane



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

The poster features a large yellow vertical bar on the left side. To the right is a central graphic area containing a collage of various festival-related images. At the top of the collage is the UKM logo, which consists of the letters 'UKM' in a bold, black, sans-serif font, topped with a five-pointed orange star. Below the logo is a large, stylized silhouette of a person's head and shoulders, filled with a collage of smaller images related to music and culture. In the background of the collage, there are several smaller images: a person playing a guitar, a person singing into a microphone, a person playing a flute, and a person holding a book. At the bottom of the collage, there are two people standing on a paved surface, smiling at the camera. The man on the left is wearing a blue denim jacket over a red hoodie and jeans, and is holding a skateboard. The woman on the right is wearing a maroon dress and black leggings. The overall theme of the poster is youth culture and creativity.

UKM.NO/HORDALAND

#UKMSOUND #UKMCREATE

YNG KULTUR NOTES

Kort om arbeidet mot UKM-festivalen i Hordaland 2016

1.1 Nytt namn og vidare satsing

Styret i UKM har med sin strategiplan for åra 2015 – 2020 oppgradert visjon og profil og har i tillegg endra namnet Ungdommens Kulturmönstring til å offisielt stå for «Ung Kultur Møtes». Dette namnet er enklare å nytte som forklaring på UKM i ulike samanhengar framfor ordet «kulturmönstring». Det er i tillegg enklare å omsetje til andre språk. I tråd med dette vil fylkesmönstringa av UKM Hordaland i 2016 heite UKM-festivalen i Hordaland 2016.

Styret i UKM Norge viser til at lokale arrangørar fortsatt kan vise til UKM-lokalmönstring, og ein kan fortsatt snakke om «fylkesmönstringa til UKM». Den originale tydinga av UKM vil nok aldri forsvinne heilt.

I strategiplanen er den nye visjonen følgjande: **«UKM: Norges viktigste møteplass for ung kultur»**. I 2015 markerte fylkesmönstringa i UKM Hordaland mykje nytta for å samle alle deltakerane. I 2016 vil desse satsingane styrkjast med at det m.a. vil bli fleire workshops og sosiale aktivitetar.

1.2 Gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank

Hordaland fylkeskommune har fått ei gåve frå Sparebankstiftelsen SR-Bank som skal gå til arbeidet om UKM i Hordaland. Gåva er på storleik 500 000 kroner, fordelt likt over åra 2016 og 2017. Sparebankstiftelsen SR-Bank ein mild gåvegivar utan gjenytelse og denne gåva gir Hordaland fylkeskommune høve til å styrke satsinga kring UKM Hordaland og UKM-festivalen i Hordaland med fleire workshops og fleire sosiale aktivitetar på kveldstid, i tillegg til å tilby deltakarane moglegheita om å spele med eit profesjonelt husband framfor playback under UKM-festivalen i Hordaland.

1.3 Dato og stad

UKM-festivalen i Hordaland 2016 vert arrangert 15.-17.april på USF Verftet. Tekniske prøver og workshops vert arrangert fredag 15.april. Hordaland fylkeskommune er kjent med at dette vil komme i konflikt med skuletid til deltakarar. Årsaken til at vi må starte fredagen er for å kunne gi alle deltakerane høve til sceneteknisk prøve. Dersom deltakerar vel bort sceneteknisk prøve, er sein innsjekking fredag mogleg. Framsyningane vert arrangert laurdag 16. og sundag 17. april, og kunstutstillinga vert opna laurdagen.

1.4 UKM-Kick-off

Det vert arrangert eit kick-off på USF for å samle deltakerane fredag kveld. Ungdomsgruppa som planlegg UKM-festivalen i Hordaland saman med fylkeskontakt og produsent legg til grunn kva innhald kick-off skal ha og generelt korleis UKM-festivalen i Hordaland skal vere for å gi best mogleg oppleveling for deltakerane.

1.5 Prinsipp for deltaking

Det er eit føremon at deltakerane er tilstade under UKM-festivalen i Hordaland frå fredag kveld til siste framsyning sundag. Meir informasjon om dette står under pkt. 2.

1.6 Reiseleiarar

Hordaland fylkeskommune set som føresetnad at kvar kommune sender med minst ein voksen leiar per tiande deltakar. Meir informasjon om dette står under pkt. 5.7.1.

1.7 Fagpanel

UKM er ikkje ein konkurranse, det er ein møteplass. Deltakerane som vert sendt vidare skal gi eit bilet av kvaliteten, mangfaldet og breidda av kulturaktivitetane blant ungdom i kommunen/fylket. Det er ikkje mogleg å nytte reelle konkurranseregler under UKM og signal frå ungdommar er at konkurransespektet i UKM må tones ned.

Juryordninga vi har i UKM er noko problematisk ved at det gir nettopp eit konkurransepreg. Hordaland fylkeskommune går inn for ei justering av dette ved å innføre fleire fagpanel som har ansvar for kvar sin kategori. Det vert eit fagpanel for kategoriane musikk/teater/konferansier/anna, eit fagpanel for dans, eit fagpanel for litteratur, eit fagpanel for film, og eit fagpanel for kunst. Ved at alle deltakerane innan same kategori vert vurdert av eitt fagpanel vert det høve for å sikre at breidda av det unge kulturlivet i fylket vert presentert på landsfestivalen. I tillegg vil fagpanelet skrive ei tilbakemelding til kvar deltakar/gruppe som fylkeskontakten sendar til lokalarrangørane per e-post. Deltakerar frå gruppene Ung Arrangør og UKM Media går gjennom ei nominasjonsprosess.

1.8 UKM Media

Nettredaksjon, web-tv og Ung PR er samla under det nye omgrepet UKM Media, der også fleire deltakargrupper vert invitert til å bidra. **Litteratur- og fotodeltakerane** får tilbod om å bidra til høvesvis tekstgruppa og fotogruppa i UKM Media.

1.9 Husband

Under UKM-festivalen i Hordaland 2016 vil deltakerar få tilbod om å spele med eit profesjonelt husband. Kapellmeister for husbandet er Erik Håkon Halvorsen. Meir info om dette under pkt. 3.2.

1.10 Kommunepakkar

Kvar kommune vil få tilsendt ei pakke med informasjon, armband og diplom til deltakerane i forkant av UKM-festivalen i Hordaland. Fylkeskontakt vil her nytte postadressa som lokalarrangørar har skrive inn i arrangørsystemet.

1.11 AKKS Bergen produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016-2017

Hordaland fylkeskommune har inngått samarbeidsavtale med AKKS Bergen om arbeidet med UKM-festivalen i Hordaland 2016-2017.

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen i Hordaland vert avvikla kvart år. I august sendte Hordaland fylkeskommune ut invitasjon til to organisasjonar å delta i anbodskonkurranse om å verte produsent for UKM-festivalen i Hordaland for 2016 og 2017. Hordaland fylkeskommune vil utvikle UKM Hordaland og UKM Hordaland skal samstundes vere til nytte for ein samarbeidspartner innan det organiserte frivillige kulturfeltet.

Etter ei grundig og heilskapleg vurdering konkluderte Hordaland fylkeskommune at AKKS Bergen vil vere den samarbeidspartner med høgast kompetanse på gjennomføring av UKM-festivalen i Hordaland som produsent for åra 2016 og 2017. Tilboden fra AKKS Bergen særmerka seg svært positivt med sin skildring til gjennomføringsplan av UKM-festivalen i Hordaland som arrangement i 2016 og 2017, og i si skildring av korleis kulturutvikling vert fremja gjennom deira arbeid med oppdraget.

AKKS Bergen har gjennom fleire år markert seg som ein svært kompetent arrangør med ungdom som målgruppe. Organisasjonen har brei og unik kompetanse knytt til arrangørfeltet, samt rekruttering og synleggjering av unge som har ei interesse for kultur. Saman med ungdommar bidreg AKKS Bergen til å styrke arrangørkompetansen i Hordaland. Som produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017 vil AKKS Bergen få høve til å aktivt bidra til ung kultur på ein ny måte. For gjennomføringa av UKM-festivalen for desse to åra, og arbeidet med nytenking og vidareutvikling, ser Hordaland fylkeskommune det som eit trygt val å inngå avtale om samarbeid med AKKS Bergen.

AKKS Bergen skal samarbeide med fylkeskontakten for UKM Hordaland i desse to åra, eit samarbeid som starta 01.januar 2016.

Konsentrert festival-informasjon

(Skriv ut og heng opp ☺)

UKM-festivalen i Hordaland starter fredag 15.april, og slutter sundag 17.april.

Kvoter og vidaresending

Kvar kommune kan sende maksimalt 25 deltakerar til UKM-festivalen i Hordaland. I tabellen kan de sjå kor mange deltakerar de maksimalt kan sende innan kvar type.

Pkt.	Type	Tal	Vidaresendingsform	Dokumentasjon i arrangørsystemet
5.1	Sceneinnslag	4 stk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto + evt. playback
5.1.1	Litteratur	2 stk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto + evt. playback
5.2	Film	1 stk, 2 stk. hvis < 6 min totalt	Vanleg måte i arrangørsystemet	Originalfil
5.3	Kunst (utstilling)	5 kunstverk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto av kunstnar Foto av kunstverk
5.4	Konferansier	2 stk	Vanleg måte i arrangørsystemet	Foto
5.5.1	Unge arrangørar	5	Vanleg måte i arrangørsystemet	Kompetanseskjema
5.5.2	UKM Media	5	Vanleg måte i arrangørsystemet	Kompetanseskjema

Fristar

Vidaresending av deltakerar gjennom arrangørsystemet: **7.mars**

Registrering av reiseleiarar gjennom arrangørsystemet: **7.mars**

Innlevering av kunst til fylkeskontakt: **18.mars**

Innlevering av samtykkeerklæring frå kommunane **18.mars**

Kostnadar

Deltakaravgift er **700 kroner**.

Deltakaravgifta inkluderer overnatting fredag til sundag, matservering, billetter til framsyningar, konserter og kunstutstilling, samt gratis tilgjenge til workshops og andre arrangement.

Overnatting vert arrangert i Haugeveien 28, i Bergen tekniske fagskole sine lokalar, omlag 6 minuttars gange frå USF Verftet. Frukost og kveldsmat vert servert her. Andre måltid vert servert på USF Verftet. Workshops vert og arrangert på USF Verftet.

Kvar kommune skal sende minimum 1 vaksen leiar per tiande deltakar. Dersom kommunen har over 20 deltakerar skal det derfor vere minst 3 leiarar. Ettersom dette er fyrste året Hordaland fylkeskommune set reiseleiarar som krav, vil det ikkje følgje med kostnad for overnatting fredag til sundag, matservering, samt billetter til framsyningar, konserter og kunstutstilling.

1. Prinsipp for deltaking

Hordaland fylkeskommune og UKM Norge vil gjerne understreke at det å bli sendt vidare til UKM-festivalen i Hordaland handlar om å ta del i festivalen, møte og bli kjent med andre, vise seg fram og samhandle. Det dreier seg om mykje meir enn å gjere ein kjapp opptreden i Bergen. UKM skal vektleggjast som ei møteplass, i tråd med styret i UKM Norge sine vedtekter.

UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningars, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv., utgjør en heilskap, og eit minne for livet. Dei ungdommene som vert sendt vidare fortener å få oppleve denne heilskap, og det er vår oppgåve som vaksne i systemet å sørge for det. Det er ei målsetjing at alle deltararane sit igjen med ei kjensle av å ha vore med på noko veldig kjekt, lært noko nytt, fått vist seg fram, blitt kjent med andre som liker det same som ein sjølv og fått nye vener.

Dette betyr at lokalarrangør må leggje til rette for at deltararane reiser og bor saman som ei gruppe og at kommunane er på plass i Bergen til rett tid. Tidspunkt for oppmøte fredagen vert kl.18:00. Seinare oppmøte er mogleg for dei som har lengre reise. Dersom ein deltarar ønskjer å prioritere noko anna framfor UKM-festivalen i Hordaland og dermed ikkje kan delta meir eller mindre frå start til slutt, så bør vedkommande kanskje erstattast med nokre frå "reservelista". Eit tips er å ikkje annonser på lokalmönstringa kven som skal representere kommunen på UKM-festivalen i Hordaland, men annonser dette på nettsida i etterkant. Dette vil gi deltakerane høve til å avgjere sjølv om dei vil delta eller ikkje.

Det er sjølvsagt ein del gode grunner til eit forkorta opphold på UKM-festivalen i Hordaland som t.d. eksamen, sjukdom, planlagde utanlandsopphald, osv., men det er viktig at lokalarrangørane generelt sett er på linje med oss i denne saken og generelt ikkje legg til rette for at deltarar kan komme og gå som dei vil.

2. Vidaresending

Frist vidaresending er 7.mars 2016

Alle deltakerar som vert vidaresendt til UKM-festivalen i Hordaland skje via det nettbaserte arrangørsystemet. Lokalarrangørane er ansvarleg for å gjennomføre grundig kontroll, korrektur og ajourføring av samlede opplysningar før alle innslag vert sendt vidare. Vær spesielt nøye med tekniske krav og spesifikasjonar, utfyllande konferansieropplysningar og at alle namn er korrekt skrevet. Husk at mange av opplysningane kjem i programmet!

3.1 Dokumentasjon i arrangørsystemet

Vi ber om at det vert lasta opp video av alle filminnslag som vert vidaresendt, og at det vert lasta opp bilete av alle kunstverk som vert vidaresendt. (Vi anbefaler at de dokumenterer alle innslag og kunstverk på kommunemönstringa uansett). I tillegg ber vi om at det vert lasta opp eit bilde av kvar einskilde kunstnar, samt av alle sceneinnslag for presentasjon i programmet.

3.2 Husband

Vi har tidlegare opplevd under fylkesmönstringa at mange deltarar står aleine med playback og vi hadde ønskje om å styrke deira oppleving på scena ved å tilby dei eit band å spele med. På nettverksmøtet i oktober kunne vi informere om at vi hadde sendt ut ein anbodskonkurranse til fire profesjonelle musikarar. Vi fekk inn tilbod frå to av desse som vi har vurdert og hatt møter med og konklusjonen vart å inngå avtale med Erik Håkon Halvorsen.

Presentasjon av husbandet

- *Erik Håkon Halvorsen:* kapellmeister, tangentinstrument/programmering. Erik har vore profesjonell musikar sidan 1994 og har utdanning ved Griegakademiet i Bergen. Jobbar som freelancemusikar og er med anna kjent frå Erik Halvorsen trio.

- *Morten Færestrand*: gitar. Profesjonell musikar sidan 1994. Utdanna frå Mannes Jazz (New York) og Berklee College of Music (Boston)
- *Anders Bitustøy*: el-bass/kontrabass. Han har vore profesjonell musikar sidan slutten av 1990-talet og har m.a. spela med artistar som Morten Abel, Ephemera, Karin Park og Ylvis.
- *Ivar Thormodsæter*: slagverk. Han har vore profesjonell musikar sidan 2000, har utdanning frå jazzlinja ved Musikkonservatoriet i Trondheim, og har spelt mykje med t.d. Madcon og Nora.

Både Erik og andre i presentert husband har utført liknande type oppdrag fleire gongar tidlegare, og Erik kunne vise til fleire døme på å ha gitt unge og uerfarne utøvarar ei trygg ramme i liknande arrangement.

Kva betyr dette for dykk som lokalarrangør?

Det er viktig at aktuelle deltakerar vert gjort kjent med dette tilbodet allereie på lokalmönstringa, og vi ber om at de informerer om denne moglegheita til dykkar deltakerar. Denne moglegheita vil vere open både for dei som spelar i eit mindre band, og dei som opptrer åleine på scena. I skjema for vidaresending i det nettbaserte arrangørsystemet er det viktig at lokalarrangør skriv inn namn på dei som ønskjer å nytte seg av denne moglegheita. Arbeidet vidare med dette fram til UKM-festivalen i Hordaland tek fylkeskontakt, produsent og kapellmeister seg av. Deltakerane vil m.a. bli bedt å sende frå seg noter/besifring/filer/lenkjer som gjeld deira innslag og som husbandet skal jobbe med. Deltakerane vil få høve til å bli godt kjent med husbandet og øve med dei i forkant av 15.april. Det vert og lagt til rette for dette i dagane under UKM-festivalen i Hordaland 15.-17.april.

Å kunne spele i lag med profesjonelle musikarar meiner vi vil gi ein endå betre oppleving for musikkdeltakarane og vi er derfor veldig glad for at vi kan tilby eit husband under UKM-festivalen i Hordaland 2016.

3. Aldersgrense

Aldersgrense på UKM-festivalen i Hordaland er 13 til 20 år. For grupper gjeld regelen om at minst halvparten av deltakarane skal være innanfor desse rammene.

4. Kvoter og rammer

5.1 Sceneinnslag

Alle gruppene får éin framsyning i Røkeriet, USF. Vi jobbar med høve for ein framsyning til, som vil gjelde som ein biscene.

5.1.1 Litteratur og teater – særleg kvote

På UKM-festivalen i Hordaland vil eventuelle litteraturinnslag om mogleg bli presentert på fleire måtar, både frå scene og som ei del av utstillinga. Vi ønskjer å stimulere til meir litteratur og teater i UKM, og det vil også være aktuelt å vidaresende deltakerar utanfor den ordinære kvoten. Ta kontakt dersom din kommune har gode litteratur- og/eller teater-innslag å sende vidare.

UKM Media: Litteraturdeltakerar får tilbod om å delta i tekstgruppa.

5.2 Film

Maksimal lengde på ein film er **5 minuttar**. Hovudregel er at kvar kommune kan sende 1 film. **Unntak:** Det er høve for å vidaresende 2 filmar dersom desse til saman ikkje overstiger 6 minuttar. Minimum éin deltakar skal følgje kvar film og være tilstade på UKM-festivalen i Hordaland.

Alle filmar som går vidare skal lastas opp i vidaresendingssystemet i høgast mogleg kvalitet (og aller helst HD). Vi ønskjer at de nyttar MPEG4-filer, gjerne H.264-komprimert, men alle filer av typen MOV, MPEG og AVI er godkjente mottaksformater. Ved andre formater må dette ha godkjenning frå fylkeskontakt. Vi ber om at **alle undersøker med deltakarane** at dei har levert den beste kvaliteten tilgjengelig, for å sikre at videoen vert vist på ein verdig måte på UKM-festivalen i Hordaland.

UKM Media: Filmdeltakerane vil under UKM-festivalen i Hordaland få høve til å jobbe med videoreportasjar.

5.3 Utstilling

Kommunane kan sende **maksimum 5 verk** til utstillinga. (Som eitt verk godtas også mindre grupper av bileter som har vore presentert som ein heilskap på kommunemønstringa). Minimum éin deltakar skal følgje kvart verk og være tilstade på UKM-festivalen i Hordaland.

Kunstverka skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kunst og kulturformidling v/Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen. Dei kan og leverast personleg til Fylkeshuset i Bergen til fylkeskontakt Marianne Ose Askvik sitt kontor i 7.etg (Adr: Agnes Mowinckels gate 5).

UKM Media: Fotodeltakerane får tilbod om å delta i fotogruppa.

Kommunane skal utpeke **1 ansvarleg leiar** for utstillerane (dette kan vere lokalarrangøren eller ein reiseleiar). Denne personen får høve til å dobbeltsjekke at all info om kunstnar og kunstverk på utstillinga frå sin kommune er korrekt, og har ansvar for at all kunsten vert pakka ned og sendt heim sundag ettermiddag/kveld.

5.4 Konferansierar

Med omsyn til konferansierane og andre deltakerar ber vi om de legg lista høgt for kven de vel å sende vidare til UKM-festivalen i Hordaland. Kvar kommune kan vidaresende inntil **2 personar**.

5.5 Unge arrangørar og UKM Media

5.5.1 Unge arrangørar

Unge Arrangørar består både av dei som er påmeldt som arrangørar og sceneteknikarar i påmeldingssystemet. Vi jobbar med å få på plass ein workshop før UKM-festivalen slik at desse deltakerane er førebudd på arbeidet som ventar dei. Informasjon om denne workshop vil verte publisert på www.ukm.no/hordaland/.

5.5.2 UKM Media

UKM Media samlar tidlegare omgrep som nettredaksjon, web-tv og Ung PR/PR-gruppa.

5.7 Total kommunekvote

Kvar kommune har ein kvote på **25 deltakerar og 3 leiarar**.

5.7.1 Reiseleiarar

Kvar kommune skal sende **minimum 1 vaksen leiar per tiande deltakar**. Dersom kommunen har med seg meir enn 20 deltakerar skal det dermed vere minst 3 leiarar. Det er ikkje fastsett felles retningsliner for kven som skal vere reiseleiarar, men det er viktig at dei er ansvarlige vaksne.

Hordaland fylkeskommune vil ráde kommunane til å ta kontakt med tidlegare UKM-deltakerar, som no er vaksne, eller vaksne UKM-ambassadørar for å høyre om dei vil vere reiseleiarar. Dette kan vere med og skape meirverdi av festival-opphaldet.

Ettersom dette er fyrste året Hordaland fylkeskommune set reiseleiarar som krav, vil det ikkje følgje med kostnad for overnatting fredag til sundag, matservering, samt billetter til framsyningars, konserter og kunstutstilling.

Vi anbefaler alle kommunar om å innhente politiattest på sine reiseleiarar:

<https://www.politi.no/tjenester/politiattest/>

Hordaland fylkeskommune oppmodar at alle lokalarrangørane er tilstade under UKM-festivalen i

5. Matservering og innkvartering

Innkvartering vert fredag ettermiddag i Haugeveien 28. Minst 1 voksen pr. 10. deltar skal overnatte saman med deltarane i Haugeveien 28. Alle må ta med seg sovepose og liggeunderlag.

Minst 1 voksen per 10. deltar skal overnatte saman med deltarane.

Første måltid vert servert fredag frå kl. 11:00 på USF Verftet til deltarar som er tilstade på scenetekniske prøver. Det vert ordna med fleire måltid fredagen. Middag fredag vert kl. 19:00. Laurdag og sundag vert det servert 3 – 4 måltider per dag. Frukost og kveldsmat vert servert i Haugeveien 28.

6.1 Sekretariat

Det vil være sekretariat inne i hallen på USF, same stad som i 2015. I tillegg vil det vere vakt og infotener i Haugeveien 28. Det er høve for å oppbevare verdisaker og instrument både ved sekretariatet på USF og i Haugeveien 28.

Vel møtt til Bergen i april!